



Hordaland fylkeskommune Egedomsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/915 - 19/10804

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
14.05.2019

Godkjenning - Løyve til oppretting av ny grunneigedommen - gbnr 4/1 Leirvik


Administrativt vedtak. Saknr: 115/2019

Tiltakshavar: Hordaland fylkeskommune Egedomsavdelinga
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak:

Hordaland fylkeskommune har i søknad journalført motteke 17.04.2019 søkt om løyve til oppretting av ny grunneigedom på gbnr. 4/1, Leirvik.

Det omsøkte arealet er på 22.500 m².



Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det vert vist til søknad med vedlegg i si heilheit.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla, jf. pbl § 21-3 andre ledd. Det kom ingen merknad i saka.

VURDERING:

Plan og lovgrunnlag:

Oppretting av ny grunneigedom er «tiltak» etter pbl § 1-6 og er søknadspliktig etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at «[o]pprettelse av ny grunneiendom (...), eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold i strid med denne lov, forskrift eller plan.»

Det omsøkte arealet er regulert til parkføremål, delar av område er regulert til verneområde – antikvarisk/historisk i reguleringsplanen Leirvik gard med plan id nr 125619960529. Frådeling som omsøkt er i utgangspunktet i samsvar med reguleringsplanen, jf. Pbl § 12-4, og krev ikkje dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

Hordaland fylkeskommune og Bergen og Omland friluftsråd har redegjort følgjande for framtidig arealbruk for eit område: arealet skal leggjast til rette for bruk som friluftsområde for allmenta.

På bakgrunn av det ovannemnde er det ikkje nødvendig å vurdere om det er grunnlag for å gi dispensasjon frå føremålet regulert i planen. Tiltaket anses til å vere i samsvar med planføremål.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m), løyve til frådeling av areal på ca. 22.500 m² på gbnr. 4/1, på Leirvik som vist på vedlagte situasjonskart. Grunngeving for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på parsellen blir fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf. pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan derfor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over størrelsen på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Kart

Søknad om frådeling av areal til friluftsføremål

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune
Eigedomsavdelinga

Postboks 7900 5020

BERGEN